


Østabø – inste garden i Dirdalen, frå ukjent fortid fram til vår eiga tid



Teikning av Kjell Dahle. Østabø, ca. 1900. Gardshusa tilhøyrrer, f.v.: Gunnar Person, i midten, Gunnar Olson, og t.h. Gunnar Ingebretson.

Bilde fra Gjesdal Indre del I

(Forfattar Guttorm Mikkelson f. 1925 i Øvre Espedal. d. 2006.
Bonde i Øvre Espedal og kjent slektsgranskar. Forfattar av Gjesdal Indre Del I)

Dei er sparsame, dei første opplysningane om ein gard sine menneske og eignelutar. Dette gjeld og den inste garden i denne dalen, omkring 20 km frå sjøen på Dirdal. Garden Østabø ligg 365 m.o.h. og ligg bygd og oppdyrka på ein flat samanhengane mo mellom riksvegen og elva. Garden er først nemnd på 1600-talet, og i 1645 er statusen "ødegard". Dei to brukarane då heiter Sven og Tørres med ½ laup smør kvar.

Den første som kom her ein gong – har nok funne den gilde dalbotnen, med den tørre jorda tilvaksen med enggras – med dei høge fjella vernande mot nord, litt meir opning i sør, slik at sola ikkje altfor lenge skulle vera avstengd på mørkaste vinteren, og elva, fiskerik. Elva har bore namnet Hunna frå ei langt framfara tid. Det er fiskeelva.

Her kunne livet vera verdt å prøva. Og livet gjekk sin gang. Folk kom og tok staden i bruk. Her fekk både fjell, berg, li, vatn, bekk og elv, seinare høvande namn. Eit stykke innanom garden ligg ein tidlegare busett plass, Gaudøynå. Staden ligg på ei flat sletta som

godt kan ha vore overfløymd i regnverstider. Det skal vera ein førhistorisk gard. I dag ligg han godt oppdyrka, og utgjer ei større jordvidd til den gamle garden.

Sjøelve namnet Østabø som uttalen til daglig er kan tydst til at det er den ytste bøen. Det er den som ligg lengst frå hovudbøle. Det kan gjerne vera noko litt meining i denne forklaringa. For stader lenger nede i dalen var dei indre gardane, nærast inn mot primærgarden som me må tru alltid har vore garden Dirdal. Ei utsegn nemner at Østabø tilhørde Mjåland. Mjåland ligg 3 km lenger nede i dalen. Den gamle uttalen som har halde seg fram til vår tid har helst vore "Ys`tabø". Samansett med bø kunne det vera rimelig til å tru at –bø kan peika tilbake på ein plass der det var beite eller støl.

Visst må det vera råd å tru at garden har vore lagt øyde, og at han har vorte slik liggjande ei tid. Kor lenge vil vera uvisst. Garden kan ha vorte busett , la oss seia på 1500-talet. Då heldt det aukande folketalet på å sprenja dei snevre grensene frå det litle innskrenka busetningsområdet det var etter dei store gjennomgripande farsotter som hadde regjert landet gjennom mellomalderen sine hundreår. Utan å kome nærare inn på sjøelve næringsgrunnlaget folket satsa på frå først her inne , så kan det vel vera at det var eit kombinert næringsgrunnlag tufta på både veiding og fehald.

Fisket må ha vore rikt i den etter måten store elva som renn i stryk, fossar og stille loner gjennom dalen. Ei segn går ut på at dei hadde fisken i kløv innantil dalen og førde han heim til gards på det viset.

Ferdsja ja. Gjennom den brattlendte, tronge dalen der berre elva mange stader utgjer dalbotnen, har det ikkje berre vore moro å kome gjennom. Det ville Giljajuvet stengde. Både folk og fe gjekk vegen over Rokleivå. Det er frå Gilja og inn dalen og ned utafør Motland. Mang ein gong har det vore spelig ferd å kome fram der. Men Juvet var verre. Om vinteren når Skreebekken fraus og kjøvde, då måtte det henda, det som folk endå veit, at det kosta menneskeliv. Då vart det eit stort framsteg for folk ovanfor Gilja med veg gjennom Juvet, ja også for alle folk frå Sirdal og Setesdal. Dei måtte alle på den same vegen når dalen skulle farast. I 1880-åra kom så vegen som gjorde det meir framkomande. Lenge var det ikkje då før enn folk frå byen tok ut på sine reiser. Frå Stavanger bar det inn Høgsfjorden til Dirdal.

Frå langt tilbake i tida var det råd å ta inn og få nattely her. Men dei som både for til byen og dei som kom på veg austover, dei kom fram til Østabø om kvelden. Her har det frå det ein veit om vore ein god stad å take inn, gjestfrie som folk hadde ord på seg å vera. Sirdølen og dei som skulle lenger austover måtte stoppa her. Det var kveld når dei kom fram. Og Østabø låg inst som siste garden før det bar inn til berre slåtte og stølsdal. Om stølsbuene sto ulåste på Østabøstølen, så var det ingen som låg i dei. Nei, det var om å gjera for sirdølen å røkkja fram til gards før kvelden kom, og det var rekna for vanlig dagsgang, det frå Sinnes, Tjørhom og til Østabø første dagen, og så til byen den neste. Dei var visse på haustmarken.

Som nemnt var det to oppsitjarar på garden i 1640 åra. Halfthundre år seinare finst der tre bruk. Gardmennene i 1701 var då Jakob Svenson og Ola Halvorson som begge var 41 år. Den tredje var Knut Osmundson 37 år. Unge gardmenn alle tre, men ingen kvinner nemnde. Men dei var der nok slik som det har vore på denne både før og seinare. Betre vart det i 1758, då finn me alle som bur nemnde. Det var tre gardmenn då:

- 1) Halvar Olson med kona Anna og 6 born: Ola, Peder, Ola jr., Berit, Anna, og Gunvor.
- 2) Ommund Gunnarson med kona Jorun Eriksdatter. Har 2 born : Berit og Seri, og ei jenta Joren Olsdatter og faren Gunnar Ommundson.
- 3) Ole Østmann med kona Anna, har 5 born: Torger, Torgjer, Liva, Gjertru og Ragnhild. I alt budde det 21 menneske på garden i 1758.

Så kjem Østabø att i 1801. Med dei to bruka. Det ser ikkje ut til at dei som er nemnde på bruk 3 i 1758 har nokon etter seg på garden i 1801. På Østabøgarden i 1801 set 2 gardmenn: Ingebret Vermundson og Peder Gunnarson. Ingebret Vermundson gift med Ommund Gunnarson si dotter, Seri, og Peder som først var gift med Berit, dotter åt Halvor

Olson, men som dette året har andre kona Berit Evertsdatter som er frå Sirdal. Utviklinga seinare på garden har gått mot ei moderat oppdeling av bruka. I 1865 finn me 3 brukarar, og slik held det fram til kring den siste verdskrigen, i slutten av trettiåra då eit bruk vart delt mellom to brør. Så no har garden 4 bruk, med same ætta sitjande på 3 av bruka. Det har vore store barneflokkar i dei fleste ættleider fram til vår tid. Dei som flytta ut og fann seg bustad og levemåte andre stader er spreidde langt ut over landet, og i Amerika.

Kor som er, så har dei utflytta ikkje gløymt den garden der dei har sine slektsrøter, og fleire har fått seg utfartsplass til dalen, til Østabøstølen med hytter.

Ja stølen. Den bruka dei til 1920-åra. Då vart det ysteri i Byrkjedal. Og like fram til etter krigen slo dei der inne på stølen og hadde gjerne med seg kyr så dei var hjelpete med mjølk. Med det same dei kom på stølen med krøtera slo dei Legå og Botn. Det er to teigar sør om elva. Så fekk kyrne beitet. Så slo dei på same sida som stølshusa låg. Dei stod oppe slik dei opphavelig var til kring 1936. Dei var timra med eldhus og mjølkebu i ein bygning, og med høysvåla på eine brystveggen med vanleg snetoka. Til støls for dei med forutan kyr og geiter og smaleflokkane også griser og høns.

Det har vore vanleg med stølsdrifta i det gamle Høgsfjord at dei som sto føre stellet på stølern gjekk opp om kvelden — mjølka og låg med nottå og mjølka neste dag, blengde og kinna og berre savidt gjorde det som var nødvendig, så som salta smøret, og så gjekk heim. På Østabø flytta dei til stølen og låg der med krøttera og hadde slåtten til dei buførde heimatt først i September. Vegen fram til stølen var vel mila på denne garden. Så det vart for travelt det å fara inn og heimatt på dagen.

Dei store heiemarkene låg nær. Så det var naturleg at dei la seg på handel med både hest, ku og sau. Geiter med på Østabø. Daniel Ingebretson var ein kjend fehandlar. Han dreiv slakting på Gilja, han omsette mangt eit livdyr utover bygdene. Han som andre var aust i Setesdal og Sirdal på oppkjøp om vårane og låg med dei i beitet om somrane. Han budde på Gilja i si tid og var gift med Adlaug Eigjeland frå Sirdal.

Østabø med sine bruk fødte etter måten mykje krøtter — i 1865 fødte dei tre bruka saman: 3 hestar, 24 storfe, 22 sauer og 47 geiter og 3 griser. Utsæd same året var: 2 ½ tunna bygg, 4 1/2 tunna blandkorn, 2 ¾ tunna havre og 15 tunner jordeple. Dette vert eit stort husdyrhald når me veil kor små mengder høy dei tok på innmarka heime.

Frå 1701 til 1900, ein periode i tid på 200 år er lang tid, seier me. Menneska har si stutte tid, nye kjem og så sviv tidshjulet. For alle. Gjennom farsotter og utflytting har denne garden overlevd. Mang ein gang har det røynt på. Ei mor for frå sine små barn og mann. Att sat dei i si hjelpelause der ei mor og flink kona ikkje var å finna meir. Alle dei småbarn som strauk med, kvinner i barnseng og alle unge som for. Østabø har også måtta teke sin del av dette fram gjennom tiden. Smittsame sjukdomar tok sine offer. Så var nervefebereren verst her inne. Han var si strid i slutten pi 1870-åra. Det var hardast i stova hans Per Gunnarson. Eldstesonen, Vilhelm fekk tak i nervefebereren og døde 4. mars 1879, og mora, ho Bergjit frå Upstad døde utpå sommaren, 11. juni same året. Hjø Ola og Marta døde den eldste guten, Ommund 17. oktober 1878. Dei måtte då like til Fossand med likferda. Seinare, frå 1889 vart det kyrkjegard på Dirdal. Men då og lenger fram var det ei lang reis for eit likferdsfylgje. Så fekk dei kapellet på Dirdal i 1903, og då med konfirmasjon langt innunder jol same året.

Skulen hadde dei kring i stovene. På Østabø hadde dei skule om vinteren. Der var mykje born. Og det vart hermt etter ein lærar at dei kunne verta prestar alle i hop. Læraren var både sinna og glad. Glad for at borna fylgde godt med og sinna når det hende at han kom i skade for i seia feil. Då vart han retta og det var ikkje så gildt. Seinare, når det vart meir ordna fekk dei skulehus på Mjåland og krinsen fekk namnet etter Mjålandsgarden. Dei hadde lang skuleveg, men det vart same vegen for dei nedantil Motland å gå innover til Mjåland. Frå gamalt var gardane i denne skulekrinsen eit bedlag. Det galdt både i barsøl, bryllaup og likferd. Byrkjedal var for seg.

Om utferdstrongen var stor, så kom mange av dei att som hadde flytta ut, og fram mot siste hundreårskiftet tok turistane til i koma. Gjennomgangsveg som det var og alltid hadde vore austover vart det eit naturleg endemål første dagen til gards her. Det heiter frå ein tur til Sirdalen i 1890. Det var midt i juli. På Gilja kjøpte dei «Melk for 10 øre, og logi paa Østrebø kr. 0,50 og logi på Valevand kr. 0,25».

No ligg den breide asfaltveg gjennom dalen, i passeleg fråstand frå gardshusa på Østabø. Det gamle haustingsbruket er slutt. Og inne på stølen aukar det på med hytter for kvart år, noko som det og gjer innmed Fudesaede-Tverånå, der det vert kalla Hyttebyen. Det var sør om Hyttebyen ho sat på Tveidebrekkå, Marit Valevatn, ho som for med kråm. Ho fekk brått eit syn. Ho såg så mange hus, nett som ein by. Og dei vart så rare husa og oppå taka var det ikkje som det skulle vera. Ho var ikkje van med eternit- og tjørepapptak, ho nei. Så såg ho ei slett breid stripa gjennom dalen og der for der nokon forunderlege «dyr» som ikkje var dregne av hestar. Dei sa det med henne, nede i dalen at ho måtte ha sove. — Nei, eg va' heilt vaken. Sa Marit Valevatn.

Kor dikt og draum har vore her gjennom tidene i dette gardssamfunnet er ikkje så godt i ha noka meining om, men det er kjendt dette med segna om Frane i Frafjord og Østabø-Skarkjen. Skarkasteid'n står klovna og trygg utanfor garden. Det finst ei regla om denne dalen, truleg dikta av Tobias Toreson Nedre Espedal («Tobias-Snikker») — vel ein slag spådom, han hadde vorte arg for noko dei hadde gjort han på Dirdal. Held det for garden som reglemakaren har spådd skulle det ikkje stå på for Østabø. Her er regla som ei avslutning på dette avsnittet om den øvste garden i Dirdalen.

Så lenge som Østabø i velstand mon står,
står Mjåland med tuft og med tilja.
Motland blir øde og Birkedal forgår
det får de vel finna på Gilja.
Nødland goddag og Kjærvoll farvel,
og Dirdal forgår med sin pryd og sitt stell.
Men Østabø står som uryggeligt fjeld.

Fra Ætt og Heim.

Ps.

Å rekne Østabø som inste garden i Dirdal er nok geografisk sett feil, da Dirdalen endar på Gilja, og Østebø såleis ligg i eit anna dalføre. Men å sjå gardane frå Dirdal til Østabø i ein slik samanheng som forfattaren her gjer kan likevel ha noko for seg.

TG.